

**Samarbeidsavtale  
mellom  
kommunane i Nordhordland og Museumssenteret i Salhus**

Museumssenteret i Salhus pliktar å halde eit årsverk som konsulent for å arbeide med formidling og utvikling innafor områda historie, kulturmiljø og kulturlandskap i Nordhordland. Årsverket skal, i lag med kulturvernstillinga for Nordhordland, utgjere Museumstenesta for Nordhordland.

**ØKONOMISKE FØRESETNADER**

Kommunane i Nordhordland gjev årlege løyvingar til årsverket, og tek sikte på å justere tilskotet årleg i samsvar med løns- og prisvekst. Tilskotet vert samla på kr 200.000 i 2007. Ein føresetnad for løyvinga er at Hordaland fylkeskommune og staten kvar skyt inn .likelydande sum.

**GEOGRAFISK AVGRENSING**

Årsverket som konsulent ved Museumstenesta for Nordhordland skal dekkje desse kommunane:

Austrheim – Fedje – Lindås – Masfjorden – Meland – Modalen – Radøy.

**VERKSEMD**

Årsverket som konsulent ved Museumstenesta for Nordhordland skal leggje Intensjonsavtalen mellom kommunane i Nordhordland om oppretting av Museumstenesta for Nordhordland til grunn for arbeidet sitt.

**ANSVAR OG MYNDE**

Frå avtaledato skal Museumstenesta for Nordhordland drivast som eit verksemdsområde ved Museumssenteret i Salhus, sidestilt med dei andre verksemdsområda ved senteret.

Alle avgjersler som høyrer til drifta, både administrativt og økonomisk, ligg såleis under styret i Museumssenteret for Salhus, som kan delegere denne retten til direktøren.

Kommunane i Nordhordland får ein styreplass i Museumssenteret for Salhus.

Styret i Museumssenteret i Salhus sikrar samhandling og fagleg utvikling gjennom oppnemning av ei ressursgruppe for Museumstenesta for Nordhordland etter forslag frå Regionrådet Nordhordland IKS.

Overordna budsjett og rekneskap vert fastsett av styret for Museumssenteret i Salhus. Framlegg til avdelingsbudsjett og arbeidsplanar skal presenterast for ressursgruppa til uttale.

**OPPSEIING**

Dersom ein av partane ikkje greier å oppfylle avtalen, og det er gjennomført forhandlingar, gjeld gjensidig oppseiingsrett med frist på 15 månader. Ved oppseiing er utløpsdato for avtalen alltid 31. desember.

....., den .....2006

For Stiftinga Museumssenteret i Salhus:

For kommunane i Nordhordland: